



Bergen og omland havnevesen

Postboks 6040

5892 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7628 - 16/617

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

08.01.2016

Vedk delegasjon av mynde etter havne- og farvannslova til Bergen- og Omland havnevesen frå og med 01.01.2016 (L)(122228)

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Bergen og omland havnevesen
Hogne Haugsdal

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
082/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
130/15	Kommunestyret	PS	17.12.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7628

Delegasjon av mynde til Bergen og Omland havnevesen (BOH)

Vedlegg:

Vedk delegasjon av mynde etter havne- og farvannslova til Bergen- og Omland havnevesen frå og med 01.01.2016 (L)(122228)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og bestemmelser gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Delegasjonen gjeld for 2016.

Formannskapet - 082/15

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og bestemmelser gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Delegasjonen gjeld for 2016.

Kommunestyret - 130/15

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og bestemmelser gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Delegasjonen

gjeld for 2016.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Bergen og Omland Hamnevesen (BOH) har i mange år jobba med ei omorganisering av selskapet. Kommunane Lindås og Fjell har vore kritisk til korleis prosessane i BOH har vore gjennomført, og frå 2012 har desse kommunane diskutert andre alternativ til hamneorganisering. I sak 115/13 gjorde kommunestyret i Lindås vedtak om at kommunen ikkje ønskjer å vere med på eit nytt hamnesamarbeid med Bergen (Bergen Hamn IKS), basert på dei premissane som blei vedtatt i styret i BOH i september 2013. I 2014 og 2015 har kommunane Lindås og Fjell jobba med å legge til rette for eit nytt felles hamneselskap, i tillegg har kommunane hatt ein tett dialog med BOH og Bergen om omorganiseringa av BOH. I juni 2015 gjorde kommunestyret i Lindås følgjande vedtak (sak 69/15 og 70/15)

Sak 69/15: Prinsippvedtak om oppløysing av Bergen og Omland hamnevesen (BOH)

1. Lindås kommune vedtar at Bergen og Omland hamnevesen (BOH) blir oppløyst
2. Lindås kommune ønskjer ikkje å vidareføre si hamneverksemد i Bergen Hamn IKS (BH IKS)
3. Lindås kommune vil gjere krav på proveny ved oppløysing av BOH, og vil gjennomføre ein eigen oppgjersprosess knytt til dette.

Sak 70/15: Etablering av nytt hamneselskap for kommunane Fjell og Lindås

1. Kommunestyret godkjenner at kommunane Lindås og Fjell går saman om å skipa selskapet Fjordhamn Vest IKS slik saksførelegget gjer greie for.
2. Kommunestyret legg til grunn at selskapet vert skipa i medhald av Lov om interkommunale selskaper av 29.januar 1999 og godkjenner selskapsavtalen/ vedtekten slik dei no ligg føre.
3. Kommunestyret godkjenner at Fjordhamn Vest IKS får høve til å ta opp lån innanfor ei øvre ramme på 50 mill. kroner. Kommunestyret er budd til å gje garanti for låneopptaka i samsvar med selskapsavtalen. Det er ein føresetnad for låneopptak at rente- og avdragskostnader vert dekka innanfor årsbudsjettet.
4. Kommunestyret stiller ein selskapskapital på kr 1 mill. kroner til rådvelde for det nye selskapet.
5. Kommunestyret er open for at andre kommunar kan verta med i det nye selskapet.

Planen var at Fjell og Lindås skulle gjere likelydande vedtak i desse sakene, men Fjell utsette sin prosess til august 2015. I den politiske handsaminga i Fjell blei prosessen sett på vent og dei tok ikkje stilling til eit samarbeid med Lindås. For å ha ei alternativ løysing til ny hamneorganisering gjorde kommunestyret i Lindås følgjande vedtak i september 2015 (Sak 89/15):

1. Kommunestyret bed rådmannen leggja fram ei sak om hamneorganisering, kor Lindås kommune organiserer hamnedrifta.
2. Kommunestyret ønskjer å etablere eit hamneselskap der ein opnar for deltaking frå Fjell og andre kommunar.

Vurdering:

Lindås kommune har vedtatt å etablere eit eige hamneselskap, anten åleine eller saman med andre kommunar. Sjølv om Lindås kommune har jobba aktivt med å etablere eit nytt hamneselskap, er kommunen framleis medlem i Bergen og omland Hamnevesen (BOH). Fram til omorganiseringa av BOH er avklart og til at Lindås kommune evt. har på plass ei ny

formell hamneorganisering, må Lindås kommune delegere mynde og ansvar til Bergen og Omland Hamnevesen. Delegasjonen gjeld for 2016.